

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	16.11.2015
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	5 / 2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
29/15	Orientering om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvarsområde
30/15	Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll - Framdriftsplan
31/15	Forslag til møteplan 2016
32/15	Kontrollutvalet sin årsplan 2016
33/15	Statusoversikt november 2015
34/15	Orientering om overordna revisjonsstrategi for 2015

Referatsaker/meldinger

Periode:		
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile , må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.I) sendast berre til medlemmer/varamedlemmer.

Bjerkreim, 05.11.2015

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

[Kontaktinformasjon](#)

29/15 Orientering om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvarsområde

Arkivsak-dok. 13/00217-47
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	16.11.2015	29/15

Bakgrunn:

For nokre av medlemmene i kontrollutvalet vil rolla som kontrollutvalsmedlem vera ny og ukjend. I dette møte vil sekretariatet difor gje ein kort oversikt over kva som er dei viktigaste oppgåvene og arbeidsområda som kontrollutvalet har. I tillegg vil kontrollutvalssekretariatet og revisor (seinare i møtet) ha ein kort presentasjon av kven dei er og kva dei jobbar med.

Saksutgreining:

Temaet kontrollutvalet sine oppgåver og ansvarsområder er omfattande. For at det ikkje skal bli mykje informasjon på ei gong, foreslår sekretariatet å dele opplæringa over fleire møter. Me har laga ei plan der opplæringa vert knytt til hovudsakene som vert behandla i møtet, så langt dette er råd. I dei fylgjande møta, vert det att opp emne som: forvaltningsrevisjon, kommunerekneskapen, selskapskontroll og habilitet Etter ca. eit år vil det verte ein ny og grundigare gjennomgang av kontrollutvalet oppgåver og ansvarsområde.

For å få mest mogleg ut av opplæringa, bør medlemmene vere aktive og stille spørsmål undervegs. For dei som ynskjer meir bakgrunnsstoff, viser med til Departementets sin vugleiar for kontrollutvala: [Kontrollutvalsboka](#).

Sekretariatet vil føreslå fyljande plan for vidare opplæring:

- **Februar:** Kva er og korleis vert ein forvaltningsrevisjon gjennomført v/revisor. Dette møtet vil handle mykje om nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroller. Revisor vil òg ha ein kort presentasjon av kven dei er og kva dei jobbar med.
- **April:** Kommunale rekneskap – kvar finst den viktigaste informasjonen? v/revisor. Dei viktigaste sakene i dette møte kommunens årsrekneskap og årsmelding.
- **Juni:** Kva er og korleis vert selskapskontrollar gjennomført v/revisor.
- **September:** Habilitetsreglar v/sekretariatet
- **November:** Ny utvida gjennomgang av kontrollutvalets oppgåver v/ sekretariatet – spesielle tema vert valt ut i samarbeid med utvalet

Undervegs vil det og bli orientert om ein del andre viktige område som kontrollutvalet skal arbeida med framover, som planverket som skal utarbeidast (sjå også eiga sak), kva overordna analyse er og kva for kriterium kontrollutvalet skal nytta for utveljing av prosjekt.

Det vert òg arrangert årlege konferansar for medlemmer i kontrollutvala. Lokalt vert det arrangere ein årleg haustkonferanse i ok./nov. på Sandnes, der alle kontrollutvala i Rogaland vert invitert.

I tillegg er det år 2 store landsomfattande konferansar kvart år. I månadsskiftet januar/februar arrangerer Norges KommuneRevisorForbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse. Dette er ein stor konferanse med over 500 deltagarar frå heile landet, der både revisorar, kontrollutvalsmedlemmer og sekretariat er med. I tillegg arrangerer Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) årleg ein konferanse i juni. Denne er for kontrollutvalsmedlemmar og sekretariat, og er mindre og litt rimeligare enn NKRF sin konferanse. Kontrollutvalet i Finnøy er og medlem av denne organisasjonen, og har stemmerett på forbundets årsmøte.

Førre kontrollutval gjennomførde ein evalueringrunde på dei siste møta. Oppsummering frå denne evalueringa er lagt ved.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar orienteringar frå sekretariat og revisor til etterretning.

Kontrollutvalet ber sekretariatet om å organisera nødvendig opplæring i tråd med det utvalet kom fram til på møtet.

SANDNES, 27.10.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Skjema - Evaluering av kontrollutvalets arbeid i perioden](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

30/15 Nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll - Framdriftsplan

Arkivsak-dok. 13/00279-7
 Arkivkode. 217
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	16.11.2015	30/15

Bakgrunn:

Føreskrifta¹ slår fast at kontrollutvalet minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, skal utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtakast av "kommunestyret sjølv", som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Planen skal baserast på ein overordna analyse av kommunen sin verksemd ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og verksemder. Ein slik analyse er bestilt av tidligare kontrollutval, og vil ligga føre på nyåret. Analysen vert utarbeidd av revisor.

Saksutgreiing:

Plan for selskapskontroll er den planen som krev minst arbeid. Det som er styrande i denne planen er kor mange selskap kommunen deltek i, og kva som i fylge den overordna analysen skal prioriterast i. Selskapskontrollar vert som regel gjennomførde i samarbeid med dei andre eigarane, og difor vert det som regel dei største kommunane som tek initiativ til å starte bestillingsprosess.

Plan for forvaltningsrevisjon er den mest omfattande planen, og som vil krevje mest arbeid frå kontrollutvalet si side. I planprosessen vil det det vere viktig for kontrollutvalet å få innspel til aktuelle prosjekter, frå kommuneadministrasjonen, sentrale politikarar og andre som til dømes revisor og sekretariatet.

Kontrollutvalet vil så sjå desse innspela opp mot den overordna analysen. På bakgrunn av analysen og mottatte innspel skal så kontrollutvalet til slutt prioritera kva for prosjekt ein ønskjer å gjennomføra i den komande perioden. Når kontrollutvalet gjer sine prioriteringar skal desse bygge på ei vurdering av risiko og vesentlegheit.

Det vert foreslått at kontrollutvalet diskuterer ein framdriftsplan for korleis denne prosessen skal skje. Det inneberer:

- Ta stilling til korleis ein skal gjennomføra dialogen med politikarane
- Ta stilling til gjennomføring av dialog med kommuneadministrasjonen
- Tidspunkt for kontrollutvalets endelige prioriteringar
- Vedta planen(frist innan utgangen av 2012)
- Oversending av planen til kommunestyret

¹ Føreskrift om kontrollutval § 10

Når kontrollutvalet utarbeidde planane i 2012, hadde dei eit møte med sentrale politikare (ordførar, varaordførar, hovudutvalsleiarar og gruppeleiatarar) i førekant av eit møte i formannskapet. Rådmannen og administrasjonen vart invitert til eit møte i kontrollutvalet. Sekretariatet vil føreslå at utvalet bør starte med samtale med politikarane og ta møte med administrasjonen etterpå.

Kontrollutvalet bør setja opp ein framdriftsplan for korleis ein ønskjer å behandla denne saka. Sekretariatet har laga eit forslag til dette, sjå forslag til vedtak. Det same forslaget er og innarbeida i kontrollutvalet sin årsplan. Det er sjølv sagt opp til kontrollutvalet å evt. endre på den føreslattede framdriftsplanen.

Gjeldande planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll ligg ved. Desse gjeld til nye planar er vedtekne av kommunestyret.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vil behandla sak om nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på følgjande måte:

Møte jan./feb. Overordna analyse vert presentert. Kontrollutvalet planlegg møta med administrasjonen og politikarane

Ekstramøte: med sentrale politikarar i forkant av møte i formannskap/kommunestyre

Møte i april Administrasjonen vert invitert for å koma med innspel til planen.

Møte i juni Kontrollutvalet noterer ned eigne innspel, og summerer opp innspela som dei har motteke i prosessen.

Kontrollutvalet startar med prioritering av områder for som er aktuelle forvaltningsrevisjon basert på innspel og eigne vurderingar.

Møte i sept. Første utkast til planar vert presentert for kontrollutvalet. Utvalet arbeidar vidare med sine prioriteringar.

Møte i nov.: Siste frist for kontrollutvalet for å vedta planane.

SANDNES, 30.10.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Gjeldane plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016](#)

[Gjeldane plan for selskapskontroll 2012 -2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

31/15 Forslag til møteplan 2016

Arkivsak-dok. 13/00217-44
 Arkivkode. 033
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	16.11.2015	31/15

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2015 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2016. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

Som nemnt har kontrollutvalet normalt 4 – 5 møter i året, 2 – 3 om våren og 2 om hausten. Møter kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

På møtet i april skal kontrollutvalet behandla årsrekneskapen. Dette møtet må difor tilpassast kommunen sin møteplan, då formannskapet i følgje forskrifta må kjenne kontrollutvalet si uttale om årsrekneskapen før dei innstiller til kommunestyret. I møteplanen har me sette opp møte 25. april, for behandling av kommunen sin årsrekneskap. Dato for formannskapet og kommunestyret er ikkje klar enno, men dei vil vert planlagt ut frå kontrollutvalet sin datoен.

Møtedag har vore måndag, og møtetidspunkt kl. 08.30. Møtedatoar og dagar skal tilpassast 16 andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å endre på denne. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar følgjande møteplan for 2016:

Dag	Dato	Tidspunkt	Kommentar
Måndag	22.02.2016	08:30	
Måndag	25.04.2015	08:30	Fsk:?? Og Kst: ??
Måndag	06.06.2016	08:30	
Måndag	05.09.2016	08:30	
Måndag	21.11.2016	08:30	

SANDNES, 07.08.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Leni Tande
 Sekretær.

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

32/15 Kontrollutvalet sin årsplan 2016

Arkivsak-dok. 13/00217-46
Arkivkode. 033
Saksbehandlar. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	16.11.2015	32/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet sin årsplan er ein overordna plan som dekker alle aktivitetane til kontrollutvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for utvalet og inngår som ein del av kontrollutvalet sin rapportering til kommunestyret.

Saksutgreiing

Planen gir ein kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er organisert. Vidare gir planen ein oversikt over saksbehandling i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet reknar med å arbeide med i året som kjem. I vedlegg er forventa saker delt ut på dei einskilte møta i året som kjem.

Planen si oversikt over oppgåver for komande år er basert på kva me kjenner til i dag. Samstundes er planen likevel så fleksibel at kontrollutvalet kan gripe fatt i saker som oppstår undervegs i året. Ei anna forhold er at saker kan verte forsinka eller må flyttast på grunn av saksmengde til eit møte.

Som nemnt er årsplanen òg ei del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret. Den vedtekne årsplanen blir difor send kommunestyret til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtek årsplan 2016 med dei endringane som kom fram i møtet.

Vedteken plan vert send kommunestyret til orientering.

SANDNES, 13.10.2015

Leni Tande
Sekretær

Vedlegg:
[Årsplan 2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

33/15 Statusoversikt november 2015

Arkivsak-dok. 13/00051-38
Arkivkode. 217
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	16.11.2015	33/15

Bakgrunn

Statusoversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å fylgje saker som går over fleire møter. Dette gjelder forvaltningsrevisjonar og selskapskontollar som fylgjast frå de vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. Men òg andre type saker som krev oppfølging kan verte tekne med i oversikta. Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutgreiing

Saka skal for det første gje kontrollutvalet oppdatert oversikt over status på dei enkelte sakene. Når saken er ferdigbehandla, vert de ståande slik at utvalet har oversikt over kva som er gjort i perioden.

Under denne saka kan kontrollutvalet òg ta opp spørsmål i tilknyting til sakene. Det vert òg lagt opp til at revisor under denne saken kan gje utvalet orientering om status på prosjekter dei arbeider med, og avklare endringar om dette er nødvendig.

Oversikta over avslutta saker viser kva saker som var ferdig behandla i førre valperiode. Ved årsskifte vert denne nullstilt, slik at berre saker som dette kontrollutvalet avsluttar kjem med vidare.

Endringar til dette møtet:

- Forv.rev: Skulemiljøet i Bjerkreim II vert starta opp i nov./des. Den vert klar til møtet i april.
- Selskapskontrollen Dalane Miljøverk IKS vart handsama i Kst 23.09.2015, og oppfølging av rapporten er planlagt våren 2016
- Selskapskontrollen Lyse AS var behandla i ktr.utv. 08.09.2015 og i Kst 23.09.2015. Oppfølging er planlagt våren 2016
- Rapportane Økonomistyring og Skulemiljøet i Bjerkreim rapp. I er ferdigbehandla.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt november 2015 til orientering.

SANDNES, 02.11.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt pr november 2015](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

34/15 Orientering om overordna revisjonsstrategi for 2015

Arkivsak-dok. 13/00280-18
Arkivkode. 037
Saksbehandlar. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	16.11.2015	34/15

Bakgrunn

Ifølgje kommunelovas § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet vert m.a. gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentera overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutgreiing

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årlig utarbeida plan for revisjon av rekneskapet. Dette er et internt arbeidsdokument, og blir derfor ikkje utlevert til kontrollutvalet. Revisor gir i staden ei munnlig orientering til utvalet om hovudtrekka i arbeidet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar overordna revisjonsstrategi for 2015 til orientering.

SANDNES, 07.08.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.